



Opning av

1.september!

Vil du vere med?

Fredag 1.september klokka 16.00 ønskjer vi å markere den offisielle opninga i Osterøy Frivilligsentral. Det vi lurar på da er om nokon kunne tenkje seg å delta eller bidra under sjølve opninga? Kanskje har du lyst til å vise kva du og dine driv på med? Vil du til dømes demonstrere førstehjelp, vise nokon korleis ein strikker, lappar kle, vil de synge for oss, spele noko, bygge noko? Vi tenkjer det kan fungere som eit utstillingsvindauga for dykk som ønskjer det. Fleire av dykk har gjerne også fysisk materiell som kan vise litt kva laget eller organisasjonen arbeider med. Kanskje har nokon av dykk lyst til å seie noko om frivillig innsats, eller dele tankar om temaet. Vi legg ikkje opp til aktivitetar som skal kosta noko, da vi ønskjer at dette skal vere for alle. Under sjølve opninga vil vi ha kommunalt tilsette på plass som kan svare på spørsmål om tilskotsordningar for ditt lag eller din organisasjon. Det vert også ein samtale i biblioteket utover ettermiddagen der overordna tema vil vere einsemd.

Vi kan stille med dei romma vi har i sentralen og biblioteket, det vert og høve til å kople seg på lydanlegg ved behov. Vi heldt tråden i eit eventuelt program og hjelper med det vi kan.

Ta kontakt med dageleg leiar i frivilligsentralen, Solveig, om du tenkjer dette passer deg og/eller laget/organisasjonen din. Vi ønskjer tilbakemelding før fredag 18.august.

Mailadresse: solveig.hojem@osteroy.kommune.no

Telefonnummer: 45375246

Litt om rolla og oppgåvene til frivilligkoordinator Solveig tilsett i Osterøy Kommune

Mitt namn er Solveig Hojem. Eg er tilsett som frivilligkoordinator i Osterøy Kommune, og starta i stillinga 1.mai. Mine arbeidsoppgåver er etablering og drift av Osterøy Frivilligsentral, der eg fungerer som dagleg leiar, samt etablering og drift av BUA, ein utstyrssentral med gratis utlån av sports- og fritidsutstyr.

Grunna manglande finansiering lyt utstyrssentralen diverre vente med oppstart på ubestemt tid, men Osterøy Frivilligsentral opnar fredag 1.september.

Fleire av dykk har gjerne erfaring frå frivilligsentralar andre plassar, og slike sentralar skal hovudsakeleg syte for tre ting:

- Frivilligsentralar skal stimulere til frivillig innsats.
- Dei skal vere opne møteplassar for innbyggjarane.
- Dei skal fungere som eit bindeledd mellom kommunen og frivillig sektor.

Osterøy Frivilligsentral er 100% eid av Osterøy Kommune, der 60% av finansieringa er øyremarka tilskot frå staten. Sentralen er ein livssynsnøytral møteplass, der måla no i første omgang er å gjere lokalane våre disponible for dykk, dette vil det kome meir informasjon om. For nokre menneske er det slik at dei ønskjer å yte ein innsats på ein litt anna måte enn gjennom lag og organisasjonar, så ønskjer vi i sentralen å fungere som eit supplement og ikkje som ei kjelde til konkurranse med alle dykk som har drive i lang tid. Mangfald i korleis gjere ein innsats tenkjer eg er det som skal til for at enda fleire her på Osterøy kan få det enda litt betre. Lokal tilpassing og ønskjer frå dykk er også det som skal drive denne sentralen fram. Sentralen er organisert som ei kommunal eining, men skil seg ut frå andre einingar da verksemda i sjølve sentralen ikkje er noko som kan bestillast eller styrast av andre enn frivilligheita sjølv i samhandling med sentralen.



Eg ser fram til å verte kjent med dykk alle saman!

Vennleg helsing Solveig Hojem